



Kommunevåpenet – Lindås kommune

Kommunevåpenet til Lindås vart godkjent ved kongeleg resolusjon 4.mai 1997, med definisjonen:

På raud grunn eit søvlindetre.

Kommunevåpenet til Lindås er teikna av Magnis Herdeland i 1978. Ved den kongelege resolusjonen 4 mai 1997 vart det også fastsett at ***kommuneflagget*** til Lindås skal vera:

På raud grunn eit kvitt lindetre.

Namnet Lindås tyder stad kledd med lind. Fram gjennom tida har namnet vore skrive på ulike måtar.

Eldre namneformer;

- ◆ LINDIASE (1315)
- ◆ LINDEASS SKIPREIDA (1389)
- ◆ LINDASS (1349)
- ◆ LINDIASS

Ordet lind er av indoeuropeisk opphav, men det er usikkert kva det tyder. Ordet kan ha samanheng med den viktigaste nytten folk har tatt av treet, lindebasten. Den vart nytta som linder rundt leggane, til dømes når det var snø. I Eddadiktinga førekjem lind i tydinga skjold, ettersom vikingane sine skjold vart laga av lindetre.

I mellomalderern vart lind sett på som eit heilagt tre, og vart mykje nytta stil utskjering av helgenbilete.

I germansk mytologi har lind posisjon spå linje med eik og ask. Medan menn ofra til eiketre for å verta fruktbare, vende kvinnene seg til lindetre i same ærend.